



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 977 084 199
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA GRANNEHJELPA
Forretningsadresse: Sandvenvegen 1B
5600 NORHEIMSUND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Siriann Lillevik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 31.05.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 24.06.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		171 727	121 819
Tilskudd		2 327 577	1 791 415
Sum inntekter		2 499 304	1 913 234
Kostnader			
Lønnskostnad	2	1 386 473	1 007 419
Annen driftskostnad		900 135	732 985
Sum kostnader		2 286 607	1 740 404
Driftsresultat		212 696	172 830
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		23 692	11 918
Annen finansinntekt		3 720	2 136
Sum finansinntekter		27 412	14 054
Annan rentekostnad		743	79
Sum finanskostnader		743	79
Netto finans		26 669	13 975
Ordinært resultat før skattekostnad		239 365	186 805
Ordinært resultat etter skattekostnad		239 365	186 805
Årsresultat		239 365	186 805
Årsresultat etter minoritetsinteresser		239 365	186 805
Totalresultat		239 365	186 805
Overføringer og disponeringar			
Avsatt til annen egenkapital		239 365	186 805
Sum overføringer og disponeringar		239 365	186 805



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer			89 136
Andre kortsiktige fordringer		265 550	27 391
Sum krav		265 550	116 527
Investeringar			
Andre finansielle instrumenter		28 012	28 012
Sum investeringar		28 012	28 012
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	1 516 929	1 749 530
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		1 516 929	1 749 530
Sum omløpsmiddel		1 810 492	1 894 069
SUM EIGEDELAR		1 810 492	1 894 069
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Stiftingskapital	4	12 000	12 000
Sum innskoten eigenkapital		12 000	12 000
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		1 205 123	973 905



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum opptent egenkapital		1 205 123	973 905
Sum egenkapital		1 217 123	985 905
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		54 887	61 527
Skyldig offentlige avgifter		72 758	71 968
Annen kortsiktig gjeld		465 723	774 669
Sum kortsiktig gjeld		593 368	908 165
Sum gjeld		593 368	908 165
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 810 492	1 894 069



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 601098

Enheten

Organisasjonsnummer: 977 084 199
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA GRANNEHJELPA
Forretningsadresse: Sandvenvegen 1B
5600 NORHEIMSUND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Siriann Lillevik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 31.05.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 09.07.2024



Organisasjonsnr: 977 084 199
STIFTINGA GRANNEHJELPA

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		171 727	121 819
Tilskudd		2 327 577	1 791 415
Sum inntekter		2 499 304	1 913 234
Kostnader			
Lønnskostnad	2	1 386 473	1 007 419
Annen driftskostnad		900 135	732 985
Sum kostnader		2 286 607	1 740 404
Driftsresultat		212 696	172 830
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		23 692	11 918
Annen finansinntekt		3 720	2 136
Sum finansinntekter		27 412	14 054
Annan rentekostnad		743	79
Sum finanskostnader		743	79
Netto finans		26 669	13 975
Ordinært resultat før skattekostnad		239 365	186 805
Ordinært resultat etter skattekostnad		239 365	186 805
Årsresultat		239 365	186 805
Årsresultat etter minoritetsinteresser		239 365	186 805
Totalresultat		239 365	186 805
Overføringer og disponeringar			
Avsatt til annen egenkapital		239 365	186 805
Sum overføringer og disponeringar		239 365	186 805



Organisasjonsnr: 977 084 199
STIFTINGA GRANNEHJELPA

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer			89 136
Andre kortsiktige fordringer		265 550	27 391
Sum krav		265 550	116 527
Investeringar			
Andre finansielle instrumenter		28 012	28 012
Sum investeringar		28 012	28 012
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter o. l.	3	1 516 929	1 749 530
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 516 929	1 749 530
Sum omløpsmiddel		1 810 492	1 894 069
SUM EIGEDELAR		1 810 492	1 894 069
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Stiftingskapital	4	12 000	12 000
Sum innskoten eigenkapital		12 000	12 000
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		1 205 123	973 905
Sum opptent eigenkapital		1 205 123	973 905
Sum eigenkapital		1 217 123	985 905
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			



Leverandørgjeld	54 887	61 527
Skyldig offentlige avgifter	72 758	71 968
Annen kortsiktig gjeld	465 723	774 669
Sum kortsiktig gjeld	593 368	908 165
Sum gjeld	593 368	908 165
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 810 492	1 894 069



Organisasjonsnr: 977 084 199
STIFTINGA GRANNEHJELPA

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
2

Tal på årsverk i regnskapsåret
2.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



Årsrekneskap

2023

Stiftinga Grannehjelpa
(Org. nr.: 977 084 199)



Resultatregnskap			
Stiftinga Grannehjelpa			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Salgsinntekt		171 727	121 819
Tilskudd		2 327 577	1 791 415
Sum driftsinntekter		2 499 304	1 913 234
Lønnskostnad	2	1 386 473	1 007 419
Annen driftskostnad		900 135	732 985
Sum driftskostnader		2 286 607	1 740 404
Driftsresultat		212 696	172 830
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		23 692	11 918
Annen finansinntekt		3 720	2 136
Annen rentekostnad		743	79
Resultat av finansposter		26 669	13 975
Resultat før skattekostnad		239 365	186 805
Resultat		239 365	186 805
Årsresultat		239 365	186 805
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		239 365	186 805
Sum overføringer		239 365	186 805



Balanse			
Stiftinga Grannehjelpa			
Eiendeler	Note	2023	2022
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		0	89 136
Andre kortsiktige fordringer		265 550	27 391
Sum fordringer		<u>265 550</u>	<u>116 527</u>
Investeringer			
Andre finansielle instrumenter		28 012	28 012
Sum investeringer		<u>28 012</u>	<u>28 012</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	1 516 929	1 749 530
Sum omløpsmidler		<u>1 810 492</u>	<u>1 894 069</u>
Sum eiendeler		<u>1 810 492</u>	<u>1 894 069</u>



Balanse

Stiftinga Grannehjelpa

Egenkapital og gjeld	Note	2023	2022
Innskutt egenkapital			
Stiftingskapital	4	<u>12 000</u>	<u>12 000</u>
Sum innskutt egenkapital		<u>12 000</u>	<u>12 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		<u>1 205 123</u>	<u>973 905</u>
Sum opptjent egenkapital		<u>1 205 123</u>	<u>973 905</u>
Sum egenkapital		<u>1 217 123</u>	<u>985 905</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		54 887	61 527
Skyldig offentlige avgifter		72 758	71 968
Annen kortsiktig gjeld		<u>465 723</u>	<u>774 669</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>593 368</u>	<u>908 165</u>
Sum gjeld		<u>593 368</u>	<u>908 165</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>1 810 492</u>	<u>1 894 069</u>

Norheimsund , 31.05.2024
Styret i Stiftinga Grannehjelpa

Frode Sandven
styremedlem

Geir Madsen
styremedlem

Kari Beate Mostad
styreleder

Lisbeth Hanne Fredheim Oma
styremedlem

Siri Moripen Øverland
styremedlem

Ingunn Bjørke
styremedlem

Siriann Lillevik
daglig leder



Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

Prosjektmidler periodiseres over prosjektperioden. Ubrukte midler ved årsskiftet overføres til neste periode ved å innarbeide midlene som kortsiktig gjeld i balansen.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler. Postene det gjelder vil være blant de postene som omhandles nedenfor.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Note 2 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Lønnskostnader	2023	2022
Lønninger	1 192 254	846 953
Arbeidsgiveravgift	132 601	106 753
Pensjonskostnader og andre ytelser	61 617	53 713
Sum	1 386 473	1 007 419

Gjennomsnittlig antall årsverk: 2

Note 3 Bankinnskudd, kontanter o.l

I posten inngår bundne skattetrekkmidler med kr 44 794. Innestående er ikke tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.23.



Note 4 Stiftelseskapital

Stiftelseskapital pr 31.12.23 utgjør kr 12 000.



Hardanger Revisjon as

STATSAUTORISERT REVISJONSSKAP



MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til styret i stiftinga Grannehjelpa

Fråsegn om revisjon av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert stiftinga sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 239 365. Årsrekneskapen er samansett av balanse pr 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standard Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Hardangerfjordvegen 642, 5610 Øystese

Mobil: 91 11 50 75

E-post: laupsa@hardangerrevisjon.no

Org.nr.: 826 177 292 MVA

www.hardangerrevisjon.no



Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggende sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene for øvrig.

For vidare omtale av revisor sine oppgaver og plikter viser vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Øystese, 31. mai 2024
Hardanger Revisjon AS

Bjørn Christian Laupsa
Statsautorisert revisor



ÅRSMELDING 2023

Grannehjelpa



Møte mellom menneske 1





STYRET SI BERETNING

Grannehjelpa har vore i full drift att i 2023 etter nedstenging etter koronaen. Sentralen har mange faste aktivitetar som går takka vere gode tilsette, frivillige og samarbeidspartnarar. Gode rutinar og god tilnærming til oppgåvene ein skal løyse, er eit viktig verktoy for at me kan rekkje over mange tiltak og grupper, og sikre at aktivitetane vedvarer over tid. Nye prosjekt er komne i gang.

Det store prosjektet i 2023 har vore Aktivitetsmøteplassen som tidlegare dagleg leiar Gunn Hilde Øymo la grunnen for. Tiltaket har jobba for inkludering og aktivisering av grupper som lett fell utanfor i samfunnet, knytt opp mot frivillige tiltak (aktivitetsleverandørar). Prosjektet har fått gode tilbakemeldingar, me har likevel vald å ikkje følge opp fleire år. Styret ser at det legg stort beslag på kapasiteten i Grannehjelpa og tangerer dessutan inn mot skjeringspunktet for kva som er det offentlege sitt ansvar.

Dagleg leiar Gunn Hilde Øymo takka i 2023 for seg og det same gjorde frivilligkoordinator over mange år, Rut Rasmussen. Styret takkar dei for engasjement og innsats i Grannehjelpa: Gunn Hilde i eitt år og Rut over ein 10-års periode, med innsats på ei rekkje område. Engasjerte og dedikerte tilsette er ein føresetnad for å kunne drifte frivilligsentral, i tillegg til dei frivillige – som jo er formålet med å drive sentral. I samband med endringar i staben, har styret nytta tid og ressursar for å tilsette nytt personale. Eit arbeid me ser på som vellukka og håpar på stabile år frametter. Me takkar Trude Soma Augestad for ein kjempeinnsats som dagleg leiar i 2023. Me fekk tilsett Siriann Lillevik som dagleg leiar i desember 23, ho tek fatt på jobben i mars 24.

Grannehjelpa må heile tida jobbe for å vere aktuell og å rekruttere nye frivillige. Grannehjelpa merkar at me no kanskje er inne i eit generasjonsskifte, der trufaste frivillige over mange år «pensjonerer seg», og me må finne nye hjelparar. Styret har i år revidert strategisk plan for Grannehjelpa, som me vonar kan vere med og bidra til at sentralen held fram med å vere eit godt verktoy for utvikling av frivilligheita i Kvam.

Me er stolte over at Kvam i 2023 vart kåra til årets ungdomskommune, her skjer mykje godt arbeid som me også får vere ein del av. «Samskaping» og «sosial berekraft» er omgrep me vil vere med og gje liv til i åra som kjem. Grannehjelpa har i dag eit utstrekt samarbeid med ein rekkje aktørar, både offentlege og private, bedrifter og organisasjonar. Styret er særleg takksam og svært nøgd med samarbeidet og velviljen til Kvam herad som ligg i botn for drifta og for god støtte frå politisk hald.

Først og sist er det alltid dei frivillige som skal takkast; alle som bryr seg og engasjerer seg. Saman skapar me eit godt og inkluderande Kvam der det er kjekt å bu for alle!

STYRET 2023

Kari Mostad Leiar
Frode Sandven Nestleiar
Geir Madsen
Siri Moripen Øverland
Ingunn Bjørke
Lisbeth Fredheim Oma, representant for Kvam herad
Ragnhild Rykkje, representant for Fagforbundet

1. vara Unni Bergtun
2. vara Tordis Lothe
3. vara Kjell Einar Sekse

Aud Irene Mortensen - personleg vara for Ragnhild Rykkje
Ottar Randa - personleg vara for Lisbeth Fredheim Oma

ORGANISASJONEN

Gjennom 2023 har styret hatt 6 styremøte og handsama i alt 34 saker. I tillegg til at det har vore arrangert eit styreseminar der det vart arbeida med strategiplan for perioden 2023 til 2026.

VALNEMNDA

Valnemnda består i 2023 av

1. Yamen Bohsas
2. Camilla Chitona Gangdal
3. Susanne Wærn van Hoek

GENERALFORSAMLING

Generalforsamlinga vart halde 30. mars på Gamleskulen på Norheim. Styreleiar Kari Mostad leia møtet. Det var 10 fram møtte med stemmerett.

TILSETTE

Grethe Galtung Johannesen var konstituert som dagleg leiar til 1. mars, ho gjekk av med pensjon i april. Frå 1. mars har Trude Soma Augestad vore tilsett som dagleg leiar, fast tilsett frå 1. september. Helena Rykkje har jobba i 80% stilling. Gunn Hilde Øymo og Rut Rasmussen avslutta sine tilsettingar sommaren 2023. Sarifa Moola-Nernæs vart engasjert som prosjektleiar i 50% frå 1. august i integreringsprosjektet «Vennefamilie».



Frå venstre: Gunn Hilde Øymo, Rut Rasmussen, Helena Rykkje og Grethe Galtung Johannesen

Arbeidsmiljøet i Grannehjelpa er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadar eller ulukker i 2023. Stiftinga forureinar ikkje ytre miljø. Stiftinga

Grannehjelpa diskriminerer ikkje tilsette eller besøkjande, brukarar eller frivillige i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering. Frå og med 2024 er Stiftinga Grannehjelpa medlem i Bedriftshelse 1.

Trude Soma Augestad har vore dagleg leiar i 2023 og går over i ny stilling i 2024. Ho takkar alle dei fine folka i organisasjonar og lag. De som er frivillige, leiarar, aktive medlem, dugnadshjelparar og bidragsytarar. De er fantastiske og me set enormt stor pris på den frivillige innsatsen de gjer!



Trude Soma Augestad innleier kurset «God å snakka med» under KvammaVEKO 2023

NETTVERK OG FAGLEG UTVIKLING

Grannehjelpa deltek i fleire nettverk og organisasjonar: 1. Nettverk Hardanger og Voss – eit samarbeidsorgan for frivilligsentralane i regionen. 2. Frivillig Vestland – ein interesseorganisasjon for frivilligsentralar i Vestland. 3. Norges Frivilligsentraler (NFS). NFS hadde styremøte på Ullensvang hotell og inviterte sentralane i regionen til lunsj og erfaringsutveksling. Det var ei kjekk samling der ein fekk knyta kontakt med dei andre sentralane.

Dagleg leiar har deltatt på kurset «Ny som dagleg leiar» i regi av NFS.

INNSKYTLARLÆG

Stiftinga Grannehjelpa hadde
25 innskytlarlag i 2023:

- Ungdomslaget Samhald
- Kvam Idrettsråd
- Kvam Høyrsefallag
- Kvam Revmatikarlag
- Kvam Senioruniversitet
- Kvam herad
- LHL Kvam
- NFU Kvam Lokallag
- Lions Club Norheimsund
- Norheimsund Indremisjon
- Norheimsund Kvite Band
- Øystese Pensjonistlag
- Oma Kvinne- og familielag
- Strandebarm Kvinne- og familielag
- Øystese Kvinne- og familielag
- Vikøy Sokneråd
- Øystese Røde Kors
- Øystese Sanitetslag
- Fykse Sanitetslag
- Buspareklubben
- Lions Club Strandebarm
- Kvam Soge- og kulturminnelag
- Ålvik Pensjonistlag
- Arbeidstakarorganisasjonane
- Strandebarm Pensjonistlag

MARKNADSFØRING


Grannehjelpa nyttar fleire gratiskanalar til marknadsføring: Facebook, www.frivillig.no, e-post og oppslag, og oppmodar alle til å både lika og dela innlegg som vert publisert. Når økonomien tillét det, nyttar me annonsar i Hordaland Folkeblad. I tillegg har me nytte av lystavlene i vindauga. Dei gjev merksemd til aktivitetane, og me registrerer at mange stoppar opp og les på plakatanane.

Me er også så heldige å ha ein frivillig som tek turen og heng opp plakatar på plakattavler i heile kommunen. Gjennom året har det vore fleire artiklar i Hordaland Folkeblad, og me set pris på det gode samarbeidet med lokalavisa vår.

LOKALE

Grannehjelpa har gode kontor- og møtelokale sentralt i Norheimsund. Alle tilsette har egne kontor. I tillegg til sofagrappa i foajeen, er det 2 møterom: møterom i 1. etasje med plass til inntil 15 personar. Møterom i 2. etasje inntil 30. Begge møteromma er utstyrte med projektor og lerret.

Grannehjelpa disponerer hovudetasjen i Gamleskolen på Norheim til meir plasskrevjande aktivitetar og utleige. M.a. Kvam herad har i periodar nytta det til fast møteplass. I 2023 auka utlåna av lokala, både i Bondetun og Gamleskolen. Møterommet i 2. etasje i Bondetun har i haust vore nytta av AOF - Studieforbundet. Grannehjelpa sine digitale møterom i Whereby, etablert i 2020 i samband med koronapandemien, er no mindre nytta.



Facebook-gruppa «Møteplassen Grannehjelpa» har vore mindre i bruk, men turgruppene Fotalaget og Trakkatrimmen legg ut bilete frå dei vekentlege turane sine der.

DEI FRIVILLIGE

DEI FRIVILLIGE ER UVURDERLEGE, DET ER DEI SOM ER GRANNEHELPA.

Grannehjelpa ynskjer mange deltakarar, men og å leggja til rette for gode møte mellom menneske. Tal deltakarar er ikkje systematisk registrert. Mange born nytta seg av tilboda Ung Fritid gjennom året. Me har i 2023 organisert 1:1 hjelp som følgjeteneste og turven.

AKTIVITET

Grannehjelpa er ein av 548 frivilligsentralar i Noreg. Sentralen vert drifta i tråd med egne vedtekter, har som føremål å styrkja den frivillige innsatsen i Kvam og stimulera grupper og einskildpersonar til å delta i frivillig arbeid gjennom å driva frivilligsentral.

AKTIVITETSMØTEPLASSEN

Aktivitetssmøteplassen har vore eit stort prosjekt for Grannehjelpa i 2023, støtta av Helsedirektoratet. Tiltaket var ein arena for å byggja relasjonar og inspirera til deltaking i nye tilrettelagte aktivitetar gjennom lokale aktivitetsleverandørar. Prosjektet har hatt fast møteplass månadleg på Gamleskolen. Ein har servert sunn og god lunsj i tillegg til at ein av aktivitetsleverandørane har presentert aktivitet.

Målgruppa var vaksne som kjenner på einsemd; t.d. fordi dei av ulike grunnar fell utanfor arbeidslivet, slit med rus, psykisk uhelse, er eldre og/eller har fleirkulturell bakgrunn.

Prosjektadministrasjonen har bestått av Grannehjelpa, Kvam herad – avd. rus og psykisk helse, ein brukarkonsulent og repr. frå NAV, pensjonistlag, og kvinne- og familielag.



Aktivitetsleverandørane har levert 8 gongar med aktivitet i tillegg til presentasjonen.

Deltakande organisasjonar har vore: Hardanger bordtennisklubb, Kabuso og Fartøyvernsenteret Hardanger og Voss museum, Åttrå treningssenter, Kvam bibliotek, Kvam Kulturskule, Hardangerbadet, Hardanger Bowlingklubb, Kvam Turlag.

Aktivitetar det er gjeve tilbod om er:

1. Bordtennis
2. Brettspelkafé
3. Rokurs på ro-maskiner
4. Les i lag
5. Kor for alle
6. Tilvenjing i vatn
7. Fisketurar
8. Bowling
9. Turgrupper
10. Kreativ med tekstil

Me ser at det har gitt deltakarane mykje glede, auka aktivitet og utviding av sosiale nettverk. Dei har utfordra seg sjølve på mange område. Aktivitetane har vore gratis og målet er at deltakarane skal halde fram med aktivitet etter prosjektperioden er over. Prosjektet vert avslutta i 2024.

ELDRE PÅ INSTITUSJON

Grannehjelpa koordinerer aktivitetar på eldreinstitusjonar i heile kommunen. Tiltaka vert gjennomført i samarbeid med ulike lag og organisasjonar, tilsette på institusjonane og einskilde frivillige. Me har jamleg møte med dei frivillige og leiarane for institusjonane og månadlege planleggingsmøte med frivillige som deltek på ein eller fleire av aktivitetane.

Dei frivillige har vore med på aktivitetar på Mikkjelsflaten, Toloheimen (både i 2. etasje RE/BE og 3. etasje Gr. 3 Vest og Firkløveren), Tolo omsorg og Strandebarm omsorg. På Strandebarm omsorg har det vore kafé ein gong i månaden. I tillegg har dei hatt kaffikos på stova eit par gonger i året. Torsdagstrimmen har vore særers populær – det er trim for heimebuande som

kjem til Strandebarmheimen og trimmar med påfølgjande middag. Songandakt har vore halde annankvar månad. På hausten starta dei også opp med Karalag.

På Tolo omsorg møtast Karalag månadleg. Karane tek med seg kaffimat medan kaffien vert laga på huset. Dei ansvarlege på kvar gruppe hentar og bringer bebuarar frå Toloheimen som vil vera med.

Me kan og nemna handlevogna som frivillige går rundt med både på Mikkjelsflaten annakvar veke og kvar veke på Strandebarm omsorg. Dette er kjærkome for bebuarane som både får besøk og høve til å handla. I haust sponsa Øystese sanitetslag ei ny handlevogn, slik at det no også er tilbod på Toloheimen og Tolo omsorg.

Det vert arrangert bingo og songstunder på Tolo omsorg ein gong i månaden og vår gode pianist har hatt pianostund på alle avdelingar. Dei frivillige stovegjestene på Mikkjelsflaten har hatt ulike aktivitetar som blometur til Berge gartneri, bingo-kveldar, velvære på stova, turgåing eller manikyr. Dei har og hatt kveldar med høgtlesing, song m.m.

SUMARFEST FOR ELDRER PÅ INSTITUSJON

Tysdag 27. juni 2023 stod ungdomshuset Dalatun i Steinsdalen pynta til fest med blomar og flagg. Flotte frivillige danna ein stor og glad velkomstkomité som tok imot 54 gjestar. Mange har vore med på arrangementet tidlegare og andre var på sumarfest for fyrste gong. Sams for alle var at dei var kledde for fest, dei var i godt humør, og dei hadde ein dansefot som var klar for ein svingom.

Gjestene kom frå Øysteseheimen, Mikkjelsflaten, Toloheimen og Tolo omsorg. Nokon kom med familie eller pårørende og andre kom saman med tilsette i heradet. Hardanger Taxi var behjelpeleg med å frakta gjestene både til og frå festen. I år var blomane sponsa av Spar Norheimsund. Borda var plasserte slik at det i midten var plass til ein svingom for dei som ynskja det.

På menyen stod nydeleg betasuppe frå Botnen Gjestetun og gode kaker frå Hardanger Bakeri. Dyktige frivillige sørge for god stemning. Innimellom middag og kaker vart det lese dikt og spela litt musikk til allsong. Det musikalske innslaget stod Norvald Tveiten og duoen Cherlyn og Leif Gilborne for, frå Kvam Trekkspelklubb.



Festen er ein årvisst tradisjon som starta opp i 2011 og er avhengig av rause sponsorar og frivillige som står i bresjen. Arrangementet var godt organisert og gjennomført. For både gjestar og frivillige er dette ein dag som handlar om å dela gode opplevingar i fellesskap og me takkar alle som bidrog til ein flott sumarfest!

INTEGRERING OG INKLUDERING

SPRÅKTRÉFF

Språktreff er ein fast møtestad for alle som ynskjer å øva på norsk språk, og alle som ynskjer å vera ein samtalepartner for desse. Ein trufast gjeng frivillige byter på å ha ansvaret, og førebur eit tema for kvar gong.

I 2023 fekk Språktreff midlar frå Norges Frivilligsentraler som me nytta til å kjøpa inn brettspel, og arrangera ei flott juleavslutning i Skummesalen i Øystese. Dei fleste deltakarane hadde aldri vore i Skummesalen før, og mange kjende heller ikkje til Mathuset eller kva for føretak som held til der. Fleire fekk også sin fyrste smak av steikeost.



Bilete: Skummesalen

Dette året har talet norskspråklege frivillige gått noko ned, så me håpar det vil koma til nye engasjerte sjeler i 2024. Språktreff er tysdagar frå kl. 17.30 til 19.00 på biblioteket i Norheimsund. Det er inga påmelding, alle velkomne!

VENNEFAMILIE

Vennefamilie-prosjektet blei etablert i august, der me fekk tilsett Sarifa Moola-Nernæs som prosjektleiar i 50% stilling.



Prosjektet har som mål å kopla familiar som er nye i Kvam og Noreg med ein familie som er veletablert. Ein ynskjer med dette å skapa gode opplevingar og trygga dei som er nye til å delta i fritidsaktivitetar, som er ein viktig arena for integrering. Dette er i tråd med heradet sin oppvekstplan der ein nemner følgjande tryggande faktorar for ein god oppvekst: trygge vaksne, aktiv fritid, å vera ein del av eit sosialt fellesskap, mangfald som ressurs, og å kjenna tilhørsle til lokalsamfunnet.

Det er jobba med nettverksbygging og rekruttering av familiar til prosjektet. I løpet av hausten har prosjektleiar møtt potensielle samarbeidspartar for å diskutera samarbeid, inkludert vaksenopplæringa. Etter positive tilbakemeldingar frå samarbeidspartane, spesielt vaksne frå vaksenopplæringa, reiste prosjektleiar rundt til forskjellige skular og presenterte prosjektet og rekrutterte foreldre. Målet er å rekruttera Vennefamilie-par frå same trinn på skulen. Me har også etablert samarbeid med Fartøyvernsenteret, og planlegg familiedag der i januar 2024. Prosjektet er støtta av Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og Gjensidigestiftelsen og vil halda fram i 2024.

BYGDEMØDRE

Bygdemødre i Kvam består av ei gruppe med 11 frivillige kvinner, alle med minoritetsbakgrunn, og har som mål å hjelpa andre kvinner og familiar som kjem til Kvam til rette i samfunnet. Bygdemødre er ein del av paraplyorganisasjonen Bydelsmødre. Prosjektet starta opp i 2020, men har i 2023 ikkje vore så aktiv.

KVAMMAVEKO

KvammaVeko er ei markering av Verdsdagen for psykisk helse, arrangert for 10. gong i 2023. Det er no 30 år sidan dagen vart markert for fyrste gong. Markeringa er årleg eit stort løft for Grannehjelpa. Tema for 2023 var: Me treng å høyre til. #lagplass. Oppfordringa for 2022 var å skapa fleire inkluderande møtestadar. Oppfordringa for 2023 var å gjera møtestadane meir inkluderande.

Arbeidsgruppa har vore samansett av representantar frå Grannehjelpa, Kvam herad og Mental Helse Kvam, samt einskilde frivillige – ein god «miks» mellom frivillige og tilsette. Det har vore stort engasjement og vilje til å gjennomføra

arrangementet og KvammaVeko 2023 var vellukka.



Kvammaveko er eit breitt samarbeid

Gratisprinsippet er viktig for oss som arrangør; økonomi skal ikkje vera eit hinder for deltaking. Me rettar difor ei stor takk til alle som har sponsa KvammaVeko gjennom å kjøpa annonsar.

FRIVILLIGFEST

Torsdag 26. januar 2023 arrangerte Grannehjelpa frivilligfest på Berge Gard og Gartneri i Tørvikbygd. I alt 113 personar deltok på festen. Her var både frivillige og eldsjeler samla til storfest, med Anne Grete Berge som vertskap.



Flott oppdekking til frivilligfesten i Berge gartneri

Festen var for å feira dei frivillige, presentera aktiviteten i sentralen og å dele ut Eldsjelprisen 2022. Det vart servert kalkun frå Homlagarden og dessert laga på Berge. Me fekk innslag frå Kvam Kulturskule, og dansarar frå Kvam seniordans viste fram dans og danseglede.

Hanna og Vlada frå Ukraina fortalde om sitt møte med Noreg og Grannehjelpa og kor viktig Språktreff og andre arrangement er for dei. Ingmar Lid fortalde frå Karalag: fast møteplass på Toloheimen, berre for menn. Han la vekt på glede det er å få lov å delta saman med røynde karar!



Seniordansarane synte fram sin aktivitet

SOLIDARITETSMARKERING

Fredag 24. februar 2023, eitt år etter fullskalaangrepet på Ukraina, arrangerte me solidaritetsmarkering saman med Kvam herad, Lions Club og KIA. Ordførar Torgeir Næss opna markeringa i Norheimsund kyrkje. Det vart også song og diktlesing, før folk gjekk fakkeltog til haldeplassen. På haldeplassen heldt Katerina

Melnik ein appell og mannskoret Laudamus framførte ukrainske songar. Tiltaket samla vel 100 deltakarar.

FN SIN INTERNASJONALE DÅG FOR FRIVILLIGHET

Tysdag 5. desember inviterte Grannehjelpa til ope hus på Gamleskulen på Norheim. Me baud på smørbrød, kake frå Hardanger Bakeri, julegløgg og kaffi. Det var mange som var innom Gamleskulen denne dagen.

BORN OG UNGE


UNG FRITID

Born og unge i alderen 11-18 år får gjennom Kvam herad tilbod om gratis aktivitetar i sumarferie, haustferie og vinterferie.

Tiltaket er eit samarbeid mellom Kvam herad, Grannehjelpa og lokale frivillige lag og organisasjonar. Grannehjelpa deltek i arbeidsgruppa som planlegg og gjennomfører mange ulike aktivitetar. Dette er eit kreativt og godt samarbeid der me bidreg med idear til aktivitet, samt frivillige til ulike arrangement. Nytt i 2023 var at me var delaktig i ein ny familiefestival i Øystese, Bygdaskoi. Alle aktivitetar var gratis. Dette vart eit særers vellukka arrangement.

UNGJOPP - GATEFEIING

Ungjobb har som føremål å gje sumarjobb til ungdom i alderen 13-16 år. I perioden frå mai til oktober delte 9 ungdomar på arbeidet med å halda sentrum av Norheimsund reint og fint. Alle utførte si oppgåve på aller beste måte. Grannehjelpa er oppteken av at lovar og reglar vert følgt, og at ungdomen får eit positivt fyrste møte med arbeidslivet. Derfor nyttar me NLT Hordaland til å ha arbeidsgjevaransvar. Dei har ansvar for kontraktar, timelister og arbeidstid. Tiltaket er initiert og finansiert av Norheimsund Næringslag.



Rydeggjengen i aksjon

TURGRUPPER

Turgruppene våre går på tur kvar veke. Turmål vert planlagt i samarbeid med frivillige turleiarar og Grannehjelpa. Kvar vår har dei ein fellestur i nærområdet, og om hausten ein fellestur ut av heradet. Elles er turane finansiert av Kvam Turlag og organisert av Grannehjelpa.

FOTALAGET

KARATRACK

TRAKKATRIMMEN

Turgruppene Fotalaget, Karatrakk og Trakkatrimmen har halde fram også i 2023. Kvar gruppe har eigne frivillige turleiarar som kvar veke, i all slags vêr, tek med seg turglade vaksne ut på tur i nær heile kommunen. Trim og mosjon er viktig, men det sosiale aspektet er minst like viktig. Kvam Turlag er god samarbeidspartnar her, og bidreg mellom anna med midlar til annonsering i avisa og kjøp av naudsynt utstyr.



Turgruppene på fellestur i Olaløa i Mauranger

I september arrangerte turgruppene ein fellestur til Mauranger i Kvinnherad. Kvam Turlag sponsa leige av buss, annonsering i HF, samt middagen til alle turleiarane. Med slik økonomisk stønad kunne me tilby heile turen til ein svært snill pris til alle deltakarane. Både personar med og utan tilknytning til turgruppene deltok. Til saman var 37 personar med. I Mauranger vart det tur inn til Bondhusvatnet, måltid mat i Olaløo og eit besøk på Gardsmuseet på Eikenes.

20 ÅRS JUBILEUM FOR FOTALAGET

Laurdag 11. mars 2023 heidra me Fotalaget! Fotalaget starta opp i 2003 av initiativtakarane Halldis Vangdal og Sidsel Mølster Storås. Festen vart skipa på Thon Hotell Sandven og 35 personar stod på gjestelista vår. Årleg går Fotalaget over 40 turar. Det vil seie at dei i løpet av alle åra er oppe i til saman ca. 800 turar.



Trude overrekker Halldis Vangdal blom for lang og tru teneste

Dette er eit ope fritidstilbod for alle, som bidreg til å styrka folkehelsa og den frivillige innsatsen i kommunen. Me fekk støtte frå Sparebanken Vest og Kvam Turlag til markeringa.

KVAM HØYRSELLAG

HLF Kvam sine likepersonar har også dette året gitt gratis høyrselhjelp. Ein likeperson er til stades på Grannehjelpa den fyrste og tredje torsdagen i månaden. I 2023 har det vore noko sjukdom, noko som har ført til at mykje av ansvaret fall på ein person. Det skal i 2024 utdannast to nye likepersonar.

Kvam Høyrsellag har lager på Grannehjelpa, og det er mogleg å kjøpa batteri og anna utstyr i

opningstida. Laget har elles Grannehjelpa som fast møtelokale for si interne møteverksemd.

TEMATREFF I TOREFJELL

Tematreff, eller Tematreff i Torefjell, er eit tilbod om sosiale og interaktive aktivitetar på internett kvar torsdag. Treffa kan vera kulturarrangement, føredrag og kurs, matlaging, trening eller sosialt samkome. Aktiviteten starta som eit prosjekt under koronapandemien i 2020, og har sidan vore ein fast aktivitet, særleg retta mot dei som ikkje så lett kan koma seg ut. Folkeakademiet støttar aktiviteten.

Planlegging og gjennomføring av sendingane vert organisert av ein programkomité sett saman av engasjerte frivillige, tilsette ved Kvam bibliotek og Grannehjelpa, som møtest ein gong i månaden. I 2023 har me hatt 25 sendingar. Programma har omfatta litteratur og lyrikk, matlagingskurs med Hardanger Akvasenter, informasjon om straumprisar med Kvam kraftverk, og brannvern med Kvam brann og redning. I nokre sendingar har lokale føretak fått presentera seg sjølve, og me har hatt gode møte med Hordaland Folkeblad, Helse i Hardanger, og Gullsmed Bjørgum. Dette året har me også vore mykje «ute i felten». Det vil seia at dei spreke og teknologisk kyndige pensjonistane i programkomiteen har teke med seg PC, kamera og mikrofon ut på vitjing til lokale føretak. Me har vore på Mathuset i Øystese og Fossehuset i Strandebarm. Det har vore grundige omvisingar i produksjonslokala til Optima, lokala til gjenbruksbutikken Plant eit tre og den fantastiske hagen til Geirmund Nes.

STRØSAND

Lions-klubbane i Norheimsund og Strandebarm har samarbeid om strøsand. Grannehjelpa tek i mot og vidareformidlar bestillingar. Representantar frå Lions leverer til eldre, uføre eller andre som har behov.



ÅRSREKNESKAP 2023		
resultatsammendrag	2023	2022
salsinntekter	171 727	121 819
tilskot	2 327 577	1 791 415
sum driftsinntekter	2 499 304	1 913 234
lønnkostnader	1 386 473	1 007 419
andre driftskostnader	900 135	732 985
sum driftskostnader	2 286 608	1 740 404
driftsresultat	212 696	172 830
annen renteinntekt	26 669	13 975
Årsresultat	239 365	186 805
avsett til annan egenkapital	239 365	186 805
Balansesammendrag		
EIGEDELAR		
omløpsmidler		
kunde fordringar	-	89 136
andre fordringar	265 550	27 391
sum fordringar	265 550	116 527
investeringar		
Odin rentefond	28 012	28 012
bankinnskot, kontantar	1 516 929	1 749 530
Sum omløpsmidler	1 810 492	1 894 069
sum eigedelar	1 810 492	1 894 069
Balanse		
EIGENKAPITAL OG GJELD		
eigenkapital		
stiftingskapital	12 000	12 000
annen egenkapital	1 205 123	985 905
sum eigenkapital	1 217 123	997 905
GJELD		
kortsiktig gjeld		
leverandørgjeld	54 887	61 527
skyldig offentlege avgifter	72 758	71 968
annen kortsiktig gjeld	465 723	774 669
sum kortsiktig gjeld	593 368	908 165
sum gjeld og eigenkapital	1 810 491	1 906 070


ØKONOMI

Styret meiner at årsrekneskapaen gjev eit rettvist bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Største bidragsytar er Kvam herad som bidreg med monaleg meir enn den lovpålagde 40% av tilskotet frå staten. Sentralen fekk i 2023 eit driftsoverskot på kr 239 365. Noko som i hovudsak skuldast tilskot frå Helsedirektoratet til Aktivitetsmøteplassen. Det var budsjettert med omlag 100 000 i underskot. Styret meiner føresetnaden for å halda fram med drifta er til stades. Stiftinga sin likviditet er god. Det er Vekstra Hardanger og Voss som har ført rekneskap. Revisor er Hardanger Revisjon AS. Grannehjelpa søker tilskot til tiltak og arrangement. Me har fått stønad frå fleire lokale frivillige organisasjonar og lokalt næringsliv. Me har òg fått stønad hos Sparebanken Vest, Gjensidigestiftinga, Helsedirektoratet, IMDI og Kvam herad til konkrete prosjekt. Me takkar for dette.

Budsjett 2024	
Salgs- og driftsinntekter	
Sal/gåver/anna	105 000
Refusjon MVA	145 000
Driftstilskot Kvam Herad	1 440 000
Tilskot prosjekt	427 000
SUM inntekt	2 117 000
utgifter	
lønn	1 530 000
driftsutgifter	
Husleige/lys/varme/reinhold	244 724
kontorhald	60 500
Inventar/utstyr	15 000
Gamleskulen drift	10 000
Revisor	26 000
Rekneskap	82 660
Møte/aktivitet	80 000
Prosjektutgifter	140 000
telefon/porto	26 000
Reise /kurs tilsette	12 000
reise frivillige	6 000
Marknadsføring	25 000
forsikring	18 000
div anna	20 290
SUM utgift	766 174
finans	32 000
inntekter	2 149 000
utgifter	2 266 174
Underskot	- 147 174

ELDSJELPRISEN 2022: DUGNADSGJENGEN I STRANDEBARM

Eldsjelprisen 2022 vart delt ut på frivilligfesten på Berge Gartneri januar 2023. Prisen gjekk til Asbjørn Sangolt og dugnadsgjengen i Strandebarm Sjøsportscenter. Frå grunngevinga: "ei gruppe som har gjort ein bemerkelsesverdiginnsats for lokalsamfunnet":



Olav Sletvold tok i mot prisen på vegne av dugnadsgjengen
Foto: Lisbeth Fredheim Oma

Dugnadsgjengen har sidan 1999 lagt ned eit fantastisk arbeid med å byggja ut båthamna til glede for ålmenta. På Tangeråsneset i Strandebarm er det laga stiar og sett opp benkar over heile området. Dei har bygd to hus; eit med toalett/dusj, vaskerom, kafé og verkstad og eit dobbelt naust. Grillhytte til fri bruk er det i tillegg. Dei har sett ut flytebyggjer med plass til 100 båtar og gjesteplassar. Det er laga baderampe for handikappa og sandstrand med sitjeplassar og utescene for konsertar og andre arrangement. Mest alt som kunne gjerast med handamakt, er gjort av denne dugnadsgjengen. Asbjørn Sangolt har vore ein svært keativ leiar for den godt samansveisa dugnadsgruppa.



Dugnadsgjengen i aksjon. Foto: Asbjørn Sangolt

Det nye Sjøsportscenteret har knytt folk i Strandebarm saman. På sommarstid er det vorte den nye treffstaden.

Varaordfører Frode Nygård delte ut prisen: diplom, bilete av kunstnaren LinaLyng og kr 5000,- frå Sparebanken Vest som vinnaren gjev vidare til eit lag eller ein organisasjon som dei vel sjølv.



Frå anlegget på Tangerås og litt av marinaen som er bygd opp.
Foto: Torleiv Ljones



Grannehjelpa

Du finn oss i Sandvenvegen 1B i Norheimsund

På nettsidene våre www.grannehjelpa.no finn du mellom anna informasjon om alle aktivitetane våre. Her kan du òg melda deg som frivillig.

Me er sjølv sagt også på Facebook. 📱

Kom gjerne innom oss i Grova for ein prat, eller ring eller send e-post.

Telefon 901 22 688 | 480 72 456

E-post: post@grannehjelpa.no

Møte mellom menneske